

Fana-invasjon ved Sandakaien

23.04.2011



Fanagjengen er imponerande

Det er folksomt i Uskedalen når påsken no nærmar seg høgdepunktet.
Då det nærma seg opningstid i SPAR i dag tidleg var det ei
50 meter lang kø utanfor og seinare på dagen var trafikken så stor
at det kanskje bar mot årsrekord.
I dei 3 båthamnane var situasjonen den samme. Øyro Marina kunne
i ettermiddag melde at alle plasser var opptatt - det vil sei 14 båtar og 9 bilar.
Og ved Sandakaia var det rett og slett invasjon frå Fana!



Helge Pehrsson kokar pinnekjøt, som Fanagjengen skal kosa seg med i kveld.

32 frå denne delen av Bergen fordelt på 9 båtar hadde samla seg rundt denne fine og nyrestaurerte kaia og dei vart stort sett svarlause då uskedalen.no ville veta om dei hadde noko å klaga på.



Køane var lange på SPAR i føremiddag

Berre eitt kritisk punkt peika dei på - at dei ikkje kunne få kjøpa gass på bensinstasjonen, som har innskrenka drifta. Ellers forsikra dei at dei kosar seg i Uskedalen der dei også har feira påska før. Som eit konkret prov på kosen peika dei på to store dunkar der pinnekjøtet putra! Dei har tidlegare også besøkt Husnes og Rosendal og har ingen kritikk å komma med om desse hamnane heller. Tvert i mot gir dei også dei høg karakter. No planlegg dei å vera hos oss til måndag.

- Men kvifor vart det Sandakaien?
- Det var fullt andre stader og her kunne vi 'parkera' alle samla, er svaret. Og båtsamlinga er i sannheit imponerande, med både Princess, Fayline og Azimut. side om side.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen